

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Gaular kommune

Utval: Kontrollutval - Gaular kommune
Møtedato: 03.06.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Møterommet
Møtenr.: 3/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordførar(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 57 82 22 90 eller 976 15 363, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

17/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
18/13 Skriv og meldingar
19/13 Årsrekneskapen 2012 – Gaular kommune.
20/13 Oppfølgingsliste 1-2013.
21/13 Eventuelt.

Sande i Sunnfjord 29.05.2013

Aud Lunde (s)
-leiar-

Asgeir Tveit
Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er det kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

017/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.06.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

018/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.06.2013	018/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyet	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 09-13: Epost frå Sekom til Kryss om forvaltningsrevisjonsprosjekt, datert 25.03.13.
SM 10-13: Epost frå Kryss til Gaular kommune om forvaltningsrevisjonsprosjekt, datert 23.05.13.
SM 11-13: Epost om konferanse for kontrollutvalet, datert 25.03.13.
SM 12-13: Epost om Plan for forvaltningsrevisjon, datert 25.03.13.
SM 13-13: Vedtak kst sak 080/12 Plan for selskapskontroll.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 25. mars 2013 11:26
Til: 'postmottak@kryssrevisjon.no'
Kopi: 'charles.litsheim@kryssrevisjon.no'
Emne: VS: Forvaltningsrevisjonsrapport "Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune"
Vedlegg: 015.13 - Oppfølgingsliste 2-2013.pdf

Det vert vist til e-post nedanfor frå Sekom sekretariat til Gaular kommune av 05.02.2013.

Under sak 15/13 Oppfølgingsliste 2-2013 har kontrollutvalet bede om ein status om korleis ein ligg an i arbeidet med prosjektet «Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune». Vi viser til vedtak i saka, som ligg ved, og ber om svar i god tid før neste møte i kontrollutvalet i Gaular som er tidfesta til 27.05.2013.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgtrvt

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 5. februar 2013 11:10
Til: 'Gaular kommune (postmottak@gaular.kommune.no)'
Kopi: 'Lunde Aud (aud.lunde@gmail.com)'; 'charles.litsheim@kryssrevisjon.no'; 'postmottak@kryssrevisjon.no'
Emne: Forvaltningsrevisjonsrapport "Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune"

I kontrollutvalsmøte 04.02.2013 under sak 010/13 Oppfølgingsliste 1-2013 kom det fram at KRYSS revisjon ikkje har fått svar på sin førespurnad om rådmannen sin uttale til revisjonsrapporten «Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune». Kontrollutvalet gjorde som følge av dette følgjande vedtak i saka: Kontrollutvalet ber om at rådmannen snarleg svarar på KRYSS revisjon sin førespurnad om uttale til forvaltningsrevisjonsrapporten «Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune».

Vi ber etter dette om at KRYSS revisjon får eit snarleg svar på sin førespurnad.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Øvrebø Vidar

Fra: Litsheim Charles
Sendt: 23. mai 2013 15:33
Til: Følid Helge
Kopi: Øvrebø Vidar
Emne: Nokre spørsmål og ynskje om meir dokumentasjon i samband med forvaltningsrevisjonsprosjektet Innkjøpsfunksjonen-Gaular kommune

God ettermiddag.

I vår analyse av oversendt dokumentasjon frå kommuneadministrasjonen til oss i denne forvaltningsrevisjonen har vi ytterlegare trong for informasjon.

Oversendt dokumentasjon på investeringsprosjekta Perhaugen (prosjektnummer 3010) Bygstad skule (prosjektnummer 3028) og NAV-kontor (prosjektnummer gamalt system 196

I vår e-post til deg datert 30.januar i år, bad vi om sitat «dei dokument som ligg føre» i ovannemnde 3 prosjekt. Vi såg føre oss, at dere ville gå inn på fysisk/elektronisk arkivmappe og oversende alle dokument som låg på investeringssaka. Herunder, utlysningstekst, kunngjeringar, protokollar, HMS attest, skatteattest evt andre interne rutinedokument som låg med saka. Det vi har fått er relevante dokument, men dei er ikkje fyllestgjerrande nok til at vi kan seie noko meir om kommunen i desse prosjekta har etterlevd krava tstilt i LOA og FOA.

Det vi no ber om i desse tre investeringsprosjekta er:

Korleis vart kravet om konkurranse ivaretatt jf FOA § 3-1 ? Kor vart konkurransegrunnlaget kunngjort ? Er det ført protokoll ?

Vi ynskjer svar på desse spørsmåla og kopi av relevante dokument som kan underbygge svara på ovannenmnde spørsmål.

Vedkommande Dykkar brev til oss med overskrifta «Forvaltningsrevisjon. Innkjøp» av 21.03.2013.

I ditt punkt 2 i brevet til oss, skriv du: Pga overgangen til sal av konsesjonskraft og heimfallskraft frå 2012, vart det innhenta tilbod på straum – sitat slutt.

Kan vi få tilsendt kopi av dokumentasjonen på korleis dere ivaretok kravet til konkurranse ? (kunngjering, konkurransegrunnlaget, skatte og HMS attest ,og kopi av protokoll)

Ditt punkt 5. Der skriv du «Vedlagt fylgjer tilbodsprotokoll 27.08.12 vedk. anbod som gjeld arbeid Jostein Skagen utfører for kommunen.» Vi kan ikkje sjå at den tilbodsprotokollen er med i motteke e-postar. Kan du sende denne ein gong til ?

Vedkommande brev frå helse- og sosialsjefen til rådmannen datert 18.02.2013 merka Notat.

Ang punkt 1 Kontorteknikk. Kan vi få tilsendt dei dokument som ligg føre med omsyn til avtalefornyng i 2008/2009 og i 2012 ?

Ang punkt 2 Førde Apotek. Kan vi få tilsendt konkurransegrunnlaget, kunngjeringa, skatteattest og HMS attest og kopi av protokoll ?

Til slutt syner vi til dokumentet «Revisjonsnotat – Gaular kommune. Driftsmiddelområdet – Investering» datert 21.11.2011 frå KRYSS- Revisjon til rådmannen i Gaular kommune, merka ikkje offentleg jf Offl. §§ 5 og 14.

I ovannevnte notat vert det stilt spørsmål om å få tilsendt dokumentasjon for anbudsprosess og vedtak i samband med at Arki arkitektkontor vart nytta i arbeidet med anbodsinnhenting på investeringsprosjektet NAV-kontor prosjektnummer 196.

Vi har ikkje motteke svar på dette brevet, og i forlenginga av forvaltningsrevisjonsprosjektet ber vi om å få tilsendt konkurransegrunnlaget, kunngjering og evt protokoll for tildeling av dette prosjekteringsoppdraget som vart utført av Arki.

Med beste helsing

Charles Litsheim
Rev.sjef forvaltning
mob: 91333046
e-post: Charles.litsheim@kryssrevisjon.no

SM 11-13

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 25. mars 2013 11:18
Til: Øvrebø Vidar
Emne: VS: Konferanse - kontrollutvalet Gaular
Vedlegg: 011.13 - Eventuelt.pdf; 015.13 - Oppfølgingsliste 2-2013.pdf

Eg viser til epost av 05.02.2013. Kontrollutvalet i Gaular etterlyser svar på spørsmål under sak 011/13 Eventuelt av 04.02.2013. Sjå kontrollutvalsak 015/13 Oppfølgingsliste 2-2013.

Med helsing

Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er det uavhengige kontrollutvalget i kommunen. Det er ansvarlig for å følge opp kommunens økonomi, og for å sikre at kommunen holder seg oppdatert på økonomiske forhold. SEKOM-sekretariatet er også ansvarlig for å følge opp kommunens økonomi, og for å sikre at kommunen holder seg oppdatert på økonomiske forhold.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 5. februar 2013 08:14
Til: Øvrebø Vidar
Emne: Konferanse - kontrollutvalet Gaular

Oversendt for videre handsaming.

Med helsing

Asgeir Tveit

SEKOM-sekretariat

SEKOM-sekretariatet er det uavhengige kontrollutvalget i kommunen. Det er ansvarlig for å følge opp kommunens økonomi, og for å sikre at kommunen holder seg oppdatert på økonomiske forhold. SEKOM-sekretariatet er også ansvarlig for å følge opp kommunens økonomi, og for å sikre at kommunen holder seg oppdatert på økonomiske forhold.

e-post: asgeir.tveit@sekom.no

Heimeside: www.sekom.no

Postboks 338, 6802 FØRDE

Tlf: 57 82 22 90

Mob: 976 15 363

Twitter: @sgrtv

Tveit Asgeir

Fra: Tveit Asgeir
Sendt: 25. mars 2013 11:06
Til: 'Gaular kommune (postmottak@gaular.kommune.no)'
Kopi: Heggebø Svein (svein@bhs-prosjekt.net); Lunde Aud (aud.lunde@gmail.com); Myrmel Karl Kristian (kristian@hjortefot.com); Oppedal Laila (laila.oppedal@konfliktraadet.no); Oppedal Laila (loppedal@hotmail.com); Tyssekvam Jarl (spar.sunnfjord@ngbutikk.net); Vallestad Terje (terstval@online.no); Viken Lars Egil (legvi@online.no); Aarberg Ivar Johan (ivar.johan.aarberg@eninvest.net)
Emne: Kontrollutvalsak 014/13 Plan for forvaltningsrevisjon
Vedlegg: 014.13 - Plan for forvaltningsrevisjon - Gaular kommune.pdf; Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016 - Gaular kommune.pdf

Vedlagt følger kontrollutvalsak 014/13 Plan for forvaltningsrevisjon. Vi ber om at saka vert lagt fram for kommunestyret til handsaming ved første høve.

Med helsing

Asgeir Tveit



e-post: asgeir.tveit@sekom.no
Heimeside: www.sekom.no
Postboks 338, 6802 FØRDE
Tlf: 57 82 22 90
Mob: 976 15 363
Twitter: @sgrtv

Tilråding til vedtak:

SM 13-13

Handsaming i Kommunestyret 18.12.2012:

Kontrollutvalet si tilråding vart referert av ordførar som var følgjande:

1. Kommunestyret godkjenner planen for selskapskontroll i Gaular kommune for perioden 2012-2016.
2. Kommunestyret ber administrasjonen leggje fram ei sak om selskapsstrategi og eigarskapsmelding.

KS-080/12 Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner planen for selskapskontroll i Gaular kommune for perioden 2012-2016.
2. Kommunestyret ber administrasjonen leggje fram ei sak om selskapsstrategi og eigarskapsmelding.

019/13 ÅRSREKNESKAPEN 2012 - GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.05.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.06.2013	019/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til uttale frå kontrollutvalet i Gaular kommune
- Årsmelding. (Sendt frå adm.)
- Rekneskap 2012. (Sendt frå adm.)
- Revisjonsmelding frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Kommunale budsjett- og rekneskapsforskrifter.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Sjå vedlagte fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 for Gaular kommune, datert 03.06.2013.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL KOMMUNESTYRET:

ÅRSREKNESKAPEN 2012 - GAULAR KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Presentasjon og godkjenning av årsrekneskapen 2012 for Gaular kommune.

Saksopplysningar:

Sekretariatet viser til §§6, 7 og 8 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 1.7.2004. Sjå nedanfor. Desse heimlar kontrollutvalet sitt ansvar i samband med revisjon og presentasjon av rekneskapen.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til kommunestyret. Formannskapet gjev innstilling/tilråding når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

§ 6. Regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap og kommunale eller fylkeskommunale foretaks årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.

§ 7. Uttalelse om årsregnskapet

Når kontrollutvalget er blitt forelagt revisjonsberetningen fra revisor, skal utvalget avgi uttalelse om årsregnskapet før det vedtas av kommunestyret eller fylkestinget. Uttalelsen avgis til kommunestyret eller fylkestinget. Kopi av uttalelsen skal være formannskapet/kommunerådet eller fylkesutvalget/fylkesrådet i hende tidnok til at det kan tas hensyn til den før dette organet avgir innstilling om årsregnskapet til kommunestyret/fylkestinget.

§ 8. Oppfølging av revisjonsmerknader

Når revisor påpeker forhold i årsregnskapet, jf. forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner § 4, skal kontrollutvalget påse at dette blir fulgt opp.

Det skal også rapporteres om tidligere saker som etter utvalgets mening ikke er blitt fulgt opp på en tilfredsstillende måte. Kontrollutvalget skal gi rapport til kommunestyret eller fylkestinget om hvordan kommunestyrets eller fylkestingets merknader er blitt fulgt opp.

Etter §7, skal kontrollutvalet altså gje ein uttale til rekneskapen som skal stilast til kommunestyret. Formannskapet skal ha kopi av uttalen. Forslag til uttale ligg ved. Til grunn for uttalen ligg revisjonsmeldinga, årsmeldinga og rekneskapen.

Administrasjonen v/rådmann og fagansvarleg for rekneskap er innkalla til møtet og er budde på å gje nærare orientering om innhaldet i rekneskapen.

KRYSS-revisjon er innkalla til møtet. Dei er og budde på å svara på spørsmål som kontrollutvalet ynskjer nærare informasjon om.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Til
Kommunestyret i Gaular

Sande i Sunnfjord 03.06.2013

FRÅSEGN FRÅ KONTROLLUTVALET OM ÅRSREKNESKAPEN 2012 FOR GAULAR KOMMUNE

Årsrekneskapen 2012 for Gaular kommune er handsama i kontrollutvalet i Gaular 03.06.2013.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Den avlagte årsrekneskapen for 2012.
- Årsmeldinga for 2012.
- Revisjonsmeldinga frå KRYSS-revisjon datert 15.04.2013.

Årsrekneskapen er levert av rådmannen. Rekneskapen viser eit brutto driftsresultat (overskot) på kr. 0,028 millionar og eit netto driftsresultat (underskot) på kr. 2,043 millionar. Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit meirforbruk på kr. 1,240 millionar.

Driftsbudsjettet på inntektssida var kr. 204,783 millionar. Rekneskapen viser kr. 215,405 millionar. Driftsbudsjettet på utgiftssida var kr. 202,414 millionar. Rekneskapen viser kr. 215,377 millionar.

Eksterne finanstransaksjonar var budsjettetert med nettokostnad på kr. 8,157 millionar. Rekneskapen viser nettokostnad på kr. 8,201 millionar.

Netto driftsresultat er kr. 2,383 millionar dårlegare enn budsjettetert.

Av årsmeldinga side 1 og 2 og rekneskapen side 22 går det fram at alle ansvarsområde har meirforbruk i høve til budsjett med unntak av ansvar 900 finansielle føremål. Dette inneber overforbruk i høve til revidert budsjett på alle einingane.

I høve til driftsrekneskapen viser vi til revisor sitt atterhald om underdekning på sjølvkostområdet, atterhald om budsjettavvik og revisor si presisering om at avdrag på langsiktig gjeld overstig kravet til minimumsavdrag.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr. 0,4 mill. Jfr. omtale til rådmannen under pkt 3.6 Investeringar i Nybygg og nyanlegg. Det er kommunestyret som må finne dekning for udekket beløp i investeringsrekneskapen som akkumulert pr. 31.12.12 er kr. 0,791 mill. Kontrollutvalet merkar seg revisor sitt atterhald om at det ikkje er lagt fram prosjektrekneskapar, atterhald om budsjettavvik, revisor si presisering om manglande finansiering og presisering om at bokført avdrag på langsiktig gjeld overstig kravet til minimumsavdrag.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Forde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gjeldsgrada har auka. Denne er pr. 31.12.12 92,8% mot 89,2% pr. 31.12.2011.

Likviditetssituasjonen synest å vere god. Gaular kommune har tilfredsstillande arbeidskapital pr. 31.12.2012

Kontrollutvalet vil utover dette vise til årsmeldinga og til kommentarane om rekneskapen.

Vi viser også til revisjonsmeldinga. Revisor har, som nemnt, fleire atterhald og fleire presiseringar til årsrekneskapen.

Med atterhalda og presiseringane til revisor, meiner kontrollutvalet at rekneskapen 2012 for Gaular kommune kan godkjennast slik han ligg føre.

Aud Lunde

Jarl Tyssekvam

Lars Egil Viken

Ivar Johan Aarberg

Terje Vallestad

Postadresse
Postboks 338
6802 FØRDE

Kontoradresse
Hafstadvegen 21

E-post
post@sekom.no

Telefon
57 82 22 90 At
976 15 363 At
57 82 02 00 Vø
951 39 762 Vø

Telefaks
57 72 20 10

Org nr.
987 631 554

Bankgiro
3705.08.32571

Til kommunestyret i Gaular kommune

kopi: Kontrollutval
Formannskap
Rådmann

Dykkar ref.:	Vår ref. : <i>Rev.mld Gaular 2012</i>	Arkivkode : 216	Journalnr. : 019/2013	Dokumentdato: 15.04.2013
--------------	--	--------------------	--------------------------	-----------------------------

REVISJONSMELDING 2012.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Gaular kommune, som består av balanse per 31.12.2012, driftsrekneskap som syner eit negativt netto driftsresultat på kr 2.042.784,- og eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 1.239.655,- investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Askvoll, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. 57 75 60 97
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular
Førde kommune, Hafstadvegen 21, 6800 Førde
Postboks 487, 6801 Førde. Tlf. 57 82 48 01
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. 57 78 85 47
E-post: postmottak@kryssrevisjon.no

Atterhald:

Vi tek atterhald om følgjande :

- Det er heller ikkje i 2012 lagt fram prosjektrekneskap, slik det er stilt krav om i Gaular kommune sitt eige økonomireglement. Revisjonen har tidlegare teke forholdet opp skriftleg med administrasjonen og etter vår vurdering bør kommunen forsere arbeidet med å kvalitets-sikre rutinane kring ferdigstilling og framlegging av slutførte byggjeprojekt til politisk handsaming.
- Vi syner til note for sjølvkostområdet *renovasjon* og til memoriakonto som syner akkumulert underdekning på sjølvkostområdet *renovasjon* med kr 400.189,-. Dette er i strid med Forureiningslova § 34. Gaular kommune er medeigar og deltakar av interkommunalt selskap som står for renovasjonstenestene til kommunen. Vi stiller spørsmål ved korleis kommunen innordnar seg det samarbeidet som kommunen sjølv er ein del av. Etter vår oppfatning bør kommunen vurdere å kvalitetssikre rutinane kring sjølvkostområda.

Presisering:

- Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 413.067,-. Akkumulert udekka i investeringsrekneskapen per 31.12.2012 er kr 790.836,85. Dette må kommunestyret finansiere i 2013.

Konklusjon:

Med unnatak for ovannemnde atterhald og presisering er etter vår meining årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Gaular kommune per 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge.

Uttale om øvrige forhold*Konklusjon om budsjett*

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen i det alt vesentlege stemmer med regulert budsjett, jf. likevel atterhald og presisering nedanfor.

Atterhald:

Lov om kommuner og fylkeskommuner §§ 46 og 47, omhandler årsbudsjettet sitt innhald og bindande verknad. I denne samanheng viser vi til dei registrerte avvika som går fram av økonomisk oversikt drift og investering.

Presisering

Vi gjer merksam på at kommunen har budsjettert og bokført avdrag på langsiktig gjeld, som overstig kravet til minimumsavdrag, jf. Kommunelova § 50.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Gaular kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringskikk.

Førde, 15. april 2013.

Kommunerevisjonen
Østre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Førde
Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Kari Håheim Sygna
Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I

020/13 OPPFØLGINGSLISTE 3-2013

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	03.06.2013	020/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2013 Gaular.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 3-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 3-2013 - GAULAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 29.05.2013.

Lista vil bli oppdatert fortløypande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 3-2013 - Gaular.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gaular kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
08/09 Kontrollutvalsarbeid - tiltak	16.02.09	Ulike tiltak for å ytterlegare oppfylle intensjonen i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
21/11 Forvaltningsrevisjonsprosjekt; Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune – tingsingsdokument	19.05.11	Leverast i august 2012, jfr gj f pl frå KRYSS	19.05.11 Vedtak KU: 1. Tinginga for prosjektet "Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune" vert godkjent. 2. Tingsingsdokumentet vert sendt over til KRYSS-revisjon for operasjonalisering. 21.05.11 Tinging sendt over til KRYSS-revisjon for oprasjonalisering. 18.04.12 Motteke gjennomføringsplan frå KRYSS. 04.09.12 Motteke statusrapport. Sjå sak 27/12
15/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	25.05.12		25.05.12 Vedtak KU Teke til vitande. 04.09.12 E-post frå Kryss m status i arb. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
26/12 Oppfølging av kommunestyret sine merknader til forvaltningsrevisjonsrapport Sjølvkostberekningar VAR-sektoren	22.10.12		22.10.12 Tilråding til kommunestyret. 23.10.12 s kst. 12.02.13 vedtak kst sak 008/13. 03.06.13 Jfr revisjonsmelding årsrekneskapen 2012.
27/12 Status forvaltningsrevisjonsprosjekt – Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune.	22.10.12		22.10.12 Vedtak KU – - Statusmelding i arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune» om at prosjektet er forseinka i høve til prosjektplanen som vart lagt fram for kontrollutvalet i møte 25.05.2012 vert teken til vitande. - Kontrollutvalet forventar at rapport for prosjektet vert lagt fram til første møte i 2013, som vil bli halde kring 1. februar. 05.02.13 e-post til kommunen der ein ber han om å svare på KRYSS sine førespurnader om uttale til rapporten.
33/12 Plan for selskapskontroll – Gaular kommune	04.12.12		04.12.12 Tilråding til kommunestyret. 05.12.12 s. kst 18.12.12 kst sak 080/12.
003/13 Orientering om prosedyrar for deltid/mv tilsetting.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU – - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar. 05.02.13 e-post til Gaular kommune.
09/13 Nettbrett – kontrollutvalet.	04.02.13		04.02.13 Tilråding til fmsk 05.02.13 s fmsk

			29.05.13 Orientert frå Gaular om at desse kjem denne veka.
11/13 Eventuelt.	04.02.13		04.02.13 Vedtak KU: -Kontrollutvalet ynskjer at det vert arrangert ein eindagskonferanse for kontrollutvalsmedlemer i lokalområdet med aktuelle tema. 05.02.13 Levert dl for vsh. 25.03.13 Levert dl for vsh
12/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.	18.03.13		18.03.13 Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.
13/13 skriv og meldingar.	18.03.13		18.03.13 Vedtak KU – Teke til vitande.
14/13 Plan for forvaltningsrevisjon 2013 – 2016.	18.03.13		18.03.13 Tilråding til kst. 25.03.13 s. kst.
15/13 Oppfølgingsliste 2-2013.	18.03.13		18.03.13 Vedtak KU: - Kontrollutvalet visert til e-post av 05.02.2013 og ber om status for prosjektet. - Kontrollutvalet minner om at dei ynskjer ein eindagskonferanse lokalt for kontrollutval. - Oppfølgingslista vert elles teken til vitande. 25.03.13: E-post til kryss om fv-prosjekt. SM 09-13 25.03.13: Epost med påmin om konferanse SM 11-13. 23.05.13: Epost frå Kryss til Gaular k om fv-prosj SM 10-13.
16/13 Eventuelt	18.03.13		18.03.13 Vedtak KU – Ikkje saker.
17/13 Godkjenning av innkalling og sakliste	03.06.13		
18/13 Skriv og meldingar	03.06.13		
19/13 Årsrekneskapen 2012	03.06.13		
20/13 Oppfølgingsliste 3-2013.	03.06.13		
21/13 Eventuelt	03.06.13		

Oppdatert 29.05.13

021/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat
Dato: 29.05.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	03.06.2013	021/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.